



Saksframlegg

Sakshandsamar:	Politisk-adm.sekretariat	Bente Skjerping			
Avgjerslemynde:		Arkivnr.:	15/3380	Klassering:	

Skattetakstnemnd og klagenemnd - val for perioden 2015 - 2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Det vert vald slike medlemmer med personlege varamedlemmer til skattetakstnemnda:

.....

Leiar:..... Nestleiar:

Det vert valt slike medlemmer med personlege varamedlemmer til klagenemnda for eigedomsskatt: Leiar: Nestleiar: »

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Heradsstyret valde i desember 2013 skattetakstnemnd og klagenemnd for eigedomsskatt og godkjende samtidig nye vedtekter for skattetakstnemnd, klagenemnd og taksering. Heradsstyret valde då å nytta standardvedtektene utarbeidde av KS.

Etter lovendringa skal forvaltningslova gjelda for eigedomsskattesaker Dette gjeld m.a. reglane om habilitet, generelle sakshandsamingsreglar i fvl. (kap. 3, rettleiing, utgreiing, rett til å bruka advokat m.v.), varsling og innsynsrett m.v.

Andre endringar/presiseringar i regelverket

- Teieplikt følgjer av reglane i likningslova
- Rett til å få dekkja sakskostnader følgjer og etter likningslova
- For vedtak om takst og overtakst er det ei endring ved at kravet til grunngeving etter fvl. § 25 er erstatta av eit krav om «kort grunngeving».
- Medlem/varamedlem i formannskapet kan ikkje vera medlem i eigedomsskattenemnder
- Klage skal avgjerast av ei nemnd vald av heradsstyret, dersom eigedomsskattekontoret ikkje imøtekjem klagen. Klagehandsaminga kan leggjast til ei eiga nemnd eller leggjast til ei anna kommunal nemnd
- Klagefristen er seks veker frå utsending av skattesetelen
- Klage over taksten kan fremjast kvart år (dersom det ikkje er klaga på same grunnlag tidlegare)

- Endra reglar for retting. Retting til ugunst for skatteytar må som hovudregel skje innan 01. mars året etter utskriving av eigedomsskatt.
- Reglane i likningslova gjeld for omgjerung av skattetakstar for kraftanlegg
- For søksmål og tvistar for tingretten, gjeld eigedomsskattelova § 23, likningslova § 11-1, nr. 4 og 5 og skattebetalingslova § 17-1. 4. og 5. ledd tilsvarande.
- Plikt for eigar av fast eigedom til å gje opplysningar og medverka ved taksering i samband med utskriving, herunder tillata nødvendig fotografering
- Opprydding i lovføresegner om fastsetjing av skattetakstane
- Reglane i byskattelova §§ 4 og 5 er tekne inn i eigedomsskattelova utan at dette inneber ei realitetsendring i gjeldande rett

Skattetakstnemnda skal ha tre medlemmer og like mange varamedlemmer. Heradsstyret skal velja leiar og nestleiar mellom medlemmene. Klagenemnda skal ha minst tre medlemmer og like mange varamedlemmer.

Valperioden følgjer kommunevalperioden.

Nemdene har no slik samansetjing:

Skattetakstnemnda:

Jørgen Varden, AP, leiar – vara: Robert Eikeland, Inge Halland, H, nestleiar – vara Anbjørg Bysheim Herland, KRF, Dag Sveinung Åsheim, KRF – vara Einar Skjerpung, FRP.

Klagenemnda: Sissel M. Romslo, AP, leiar – vara Terje Rosnes, AP, Vignleik Kalland, V, nestleiar – vara Kåre Stokken, V, Magnus Mjelde, SP – vara: Bernt Johan Flæsland, SP, Nina Nyheim, AP – vara: Katrine Skår, H, John Tysse, FRP – vara Sigmund Faugstad, FRP.»

Vurdering

Saka vert lagt for valnemnda for innstilling til heradsstyret. Den nye skattetakstnemnda må veljast før utskriving av eigedomsskatt for 2016.

Folkehelse

Miljø

Økonomi

Konklusjon

Saka vert lagt fram til behandling og avgjerd.

Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost

